



## Rekrutteringstiltak sjukepleiarar 2023 - 2024

### **Dokumentet er i tråd med vedtak sak 044/2022 i kommunestyret 03.11.22.**

Med bakgrunn i at det over tid har vore særers utfordrande å rekruttere sjukepleiarkompetanse til pleie- og omsorgstenesta i Modalen, er det naudsynt å konkretisere tiltak som kan bidra til å snu utviklinga for at mål om tilstrekkeleg med sjukepleiarkompetanse vert nådd.

Arbeidsgjevar har i møte med dei hovudtillitsvalde 08.04.21 og 21.10.22 drøfta rekrutteringspunkt slik vist i dette dokumentet. Det er semje om å vidareføre tiltaka med nokre justeringar frå 01.01.23.

Tiltaka skal gjelde f.o.m. 01.01.23 t.o.m. 31.12.24. Deretter skal arbeidsgjevar og HTV-gruppa gjere ei evaluering og vurdering av tiltaka for vidareføring (heilt/delvis) eller avslutning. Norsk sjukepleiarforbund vart invitert til å komme med skriftlege innspel til punkta i forkant av drøftingsmøtet. Dette vart gjort av NSF Vestland. NSF hadde ikkje tillitsvald i Modalen kommune på tidspunkta tiltaka vart utarbeidd, drøfta og revidert.

Tiltaka gjeld sjukepleiarar i turnus innan pleie og omsorgstenesta.

### **Tilbod retta mot nye tilsette**

1. Modalen kommune skal kunne tilsetje sjukepleiarar direkte frå rekrutteringsbyrå dersom det ikkje melder seg søkjarar i ordinære søknadsprosessar. Viktig at innleigde sjukepleiarar også kan søkje på utlyste/tilgjengelege stillingar.
2. Modalen kommune tilbyr inntil kr. 6000,- pr. måned i butilskot (kostnadsdekking), alternativt kan det gjevast tilskot til kommunal bustad.  
Vilkår: føreset bustad i Modalen – hybel eller liknande.  
Begge alternativa gjeld så lenge rekrutteringstiltaka er gyldige. Modalen kommune kan vere hjelpsam med å skaffe bustad. Dersom ein nyttar seg av dette tilbodet, kan ein ikkje nytte seg av tiltaket/tilbodet i pkt. 4.
3. Det vert gjeve pendartilskot med kr. 3000,-/ mnd. så lenge rekrutteringstiltaka er gyldige.  
Vilkår: dette alternativet gjeld for nye tilsette som ikkje nyttar seg av tilbod om bustadtilskot i pkt. 3, men som pendlar inn frå andre kommunar.
4. Det vert gjeve ei ekstra veke ferie i løpet av året i tillegg til 5 ordinære (6 for dei over 60 år).
5. Det vert utarbeida årsturnus der det vert søkt leggje til rette for langfri.
6. Søkjarar som har relevant helsefagleg utdanning (min. 60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) får stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning).



7. Det vert gjeve kr. 30 000,- i lønstilskot pr. år (full stilling) i tillegg til at alle tilsette vert direkte plassert i min. lønsansiennitet 10 år. Dette gjeld i tillegg til pkt. 6.
8. Det er moglegheit for å overnatte frå kvelds- til dagvakt på eige rom.
9. Det er mogelegheit for at tilsette kan få opplæringsstønad. Ved relevant helsefagleg tilleggsutdanning (60 studiepoeng, opplæringsutvalet avgjer kva som er relevant) skal ein få endra sin stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar. Ut over dette henvisast til lønspolitisk retningsline.
10. Det vert avtala jamleg fast rettleiingstid med leiar.
11. Det vert gjeve stønad til nedbetaling av studielån med inntil kr. 20 000,- pr. år (for full stilling). Ordninga er tidsavgrensa til 5 år frå du starta i stillinga.

Vilkår: Stønaden vert etter søknad utbetalt som tilskot for kvart opparbeida år. Studielån må dokumenterast, og innbetaling på studielån med aktuell tilskotssum må dokumenterast. Stønadsordninga fell vekk dersom vedkommande ikkje lenger har studielån.

#### **Sjukepleiarar som allereie er tilsett i pleie og omsorgstenesta**

12. Tilsette som har relevant helsefagleg utdanning (min. 60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) skal få endra sin stillingstittel og løn til spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning).
13. Det vert gjeve tilleggsløn på kr. 30 000,- pr. år (for full stilling). Dette gjeld i tillegg til punkt 14.
14. Det vert gjeve èi ekstra veke ferie i løpet av året i tillegg til 5 ordinære (6 for dei over 60 år).
15. Det vert utarbeida årsturnus der det vert søkt leggje til rette for langfri.
16. Det vert gjeve stønad til nedbetaling av studielån med inntil kr. 20 000,- pr. år (for full stilling). Ordninga er tidsavgrensa til 5 år frå tidspunktet rekrutteringstiltaka vert vedteke i kommunestyret og av HTV.

Vilkår: Stønaden vert etter søknad utbetalt som tilskot for kvart opparbeida år. Studielån må dokumenterast, og innbetaling på studielån med aktuell tilskotssum må dokumenterast. Stønadsordninga fell vekk dersom vedkommande ikkje lenger har studielån.